



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 23.02.2016

Møtestad: Formannskapsrommet

Møtetid: 10:30 - 14:00

Møtet vart halde etter ekstraordinært kommunestyremøte kl 09.00-10.20.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordførar	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordførar	
Linda Neset	SO	Medlem	Ugild sak 010, vara innkalla
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	Ugild sak 010, vara ikke innkalla
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	Ugild sak 010, vara innkalla

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Frank Stian Steinsland	SO	Varamedlem	Vara for Linda Neset
Liv Anne Aanesen	SA	Varamedlem	Vara for Kjetil Eikefet

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Inge Kårevik	rådgjevar		Sak 010 og 014
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	Sak 012
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
007/2016	Godkjenning av innkalling og saksliste
008/2016	Godkjenning av møtebok
009/2016	Orienteringssaker
010/2016	Godkjenning av detaljreguleringsplan for sandtak Helland og Krossdal,
011/2016	Kulturminnevernmidlar 2016
012/2016	Vedlikehald av kommunale bygg i Modalen kommune
013/2016	Uttale frå Modalen kommune - Interkommunal Nærings- og samfunnsplan, Nordhordland
014/2016	Temaplan for idrett og friluftsliv Modalen kommune

Notat frå møtet:

Det var kalla inn til ekstraordinært kommunestyremøte som vart halde før møte i formannskapet.

Sak 010 og 014 vart handsama først i møtet.

007/2016: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

008/2016: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

009/2016: Orienteringssaker

Behandling:

Kommunestruktur - forhandlingar om ny kommune i Nordhordland

Dette var eige tema i ekstraordinært kommunestyremøte og ikkje drøfta under møte i formannskapet.

Modalstunet

Ordførarar, rådmann og ass. rådmann orienterte om status drift og vidare oppfølging.

Stilling i administrasjonen

Rådmannen orienterte kort om planlagt prosess vedkomande endring og utlysing av stilling i administrasjonen.

Mottak av flyktningar - tilsetting av flyktningekoordinator

Felles flyktningekoordinator med Masfjorden er tilsett og i virke frå medio februar. Førebels er det ikkje kome nye opplysningar om når og kven vi får tildelt av flyktningar i år.

Gårdsbruk på Øvre Helland - oppfølging av buplikt

I formannskapsmøte den 17.11.15 vart det reist spørsmål til rådmannen om status for oppfølging av buplikta på gårdsbruk som vart overteke i 2013. Rådmannen orienterte om korleis saka er følgt opp. Det er no sendt brev om pålegg om å søkja konsesjon som følgje av brot på buplikta etter

konsesjonslova §5 andre ledd.

Fare for nedlegging av lokalt tannlegekontor

Ordførar orienterte om oppfølging av saka gjennom møte med Fylkestannlegen og gjennom politisk samarbeid i Regionrådet i Nordhordland.

Godtgjering / frikjøp av lokalt forhandlingsutval for kommunereforma

Saka vart drøfta. Ordførar utarbeider framlegg for vedtak i kommunestyret.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

010/2016: Godkjenning av detaljreguleringsplan for sandtak Helland og Krossdal,

Behandling:

Habilitet:

Linda Neset er gift med ein av tiltakshavarane og Kjetil Eikefet er svoger til ein av tiltakshavarane. Begge er derfor ugilde i saka, Fvl §6 første ledd pkt b). Varamedlemer var kalla inn og tok sete under handsaming av saka.

Ann Jorunn Faresteveit opplyste at ho er grunneigar for del av området som planen omfatta. Ho er derfor ugild i saka, Fvl §6 første ledd pkt a). Vara var ikkje kalla inn for ho.

Det vart i møtet også stilt spørsmål til Frank Stian Steinsland sin habilitet. Han opplyste at han ikkje har interesser i prosjektet, men berre er eigar av naboeigedom. Han vart erklært gild til å handsame saka.

Under handsaminga vart det berre 4 medlemer til stades.

Orientering/spørsmål:

Rådmannen innleia orienteringa om saka. Deretter gav Inge Kårevik ei fyldig orientering om gjennomført planprosess og om korleis merknader og varsla motsegner var handsama.

Det vart stilt spørsmål til tiltak mot avrenning i vassdrag og attvøling. Krav for dette framgår av føresegogene og vil verte meir detaljert omtalt i driftsplanen som skal utarbeidast og som seinare kjem på høyring til kommunen.

Det vart også stilt spørsmål til ansvar/rettighetar vedkomande lysløype i området. Under høyringa er det ikkje kome inn merknader/innspel til planen om dette. Lysløypa er ikkje kommunal. Modalen idrettslag må ta opp dette spørsmålet direkte med grunneigarar.

Samrøystes

Vedtak:

I medhald av plan og byggningslova § 12-12 vedtek kommunestyre detaljreguleringsplan for sandtak på Helland og Krossdal, med tilhøyrande føresegner datert 08.12.2015 og plankart datert 07.12.2015.

011/2016: Kulturminnevernmidlar 2016

Behandling:

Rådmannen orienterte og svarte på spørsmål til saka

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune gjev eit tilskot på inntil kr. 12.700.- 50 % av materialkostnadane, til Vegard Steinsland. Pengane skal brukast til reparasjon av selet og vedhuset på Otterstadstølen. Pengane vert utbetalt når arbeidet er utført og kvitteringar ligg føre. Tilsagnet står ved lag eit år frå vedtaksdato.

Modalen kommune gjev eit tilskot på inntil kr. 60.000.- 50 % av materialkostnadane, til Trond Helland. Pengane skal brukast til restaurering av markaløe. Pengane vert utbetalt når arbeidet er utført og kvitteringar ligg føre. Tilsagnet står ved lag eit år frå vedtaksdato.

Modalen kommune gjev eit tilskot på inntil kr. 13.400,- 50 % av materialkostnadene, til Øystein Senneseth. Pengane skal brukast til istandsetjing av bryggjarhus/vedskjul. Pengane vert utbetalt når arbeidet er utført og kvitteringar ligg føre. Tilsagnet står ved lag eit år frå vedtaksdato.

Modalen kommune gjev eit tilskot på inntil kr. 87.500.- 70 % av materialkostnadane, til Einar Sofienlund. Pengane skal brukast til restaurering av kraftverket på Nottveit. Pengane vert utbetalt når arbeidet er utført og kvitteringar ligg føre. Tilsagnet står ved lag eit år frå vedtaksdato.

012/2016: Vedlikehald av kommunale bygg i Modalen kommune

Behandling:

Tone Selmer Skuggevik orienterte om saka.

Samrøystes

Vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande overordna mål for eigedomsforvaltninga i Modalen kommune:

Målsetjing ved nybygging :

- Velje standard og utforming som svarar til oppgåva og som er fleksible i høve til endra behov.
- Velje energieffektive løysingar som er med på å oppfylle kommunen sin klima- og energiplan.
- Velje materiale som har god kvalitet, utforming og teknisk løysing som førebyggjer framtidig vedlikehald.

Målsetjing ved vedlikehald:

- Sikre at verdiane vert teke vare på ved førebyggjande vedlikehald.
- Omgåande setje inn tiltak for å hindre at skader og slitasje får utvikle seg.
- Sikre funksjonalitet i samsvar med endra bruk og behov.

013/2016: Uttale frå Modalen kommune - Interkommunal Nærings- og samfunnsplan, Nordhordland

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune sluttar seg til strategiar og mål som framgår av "Interkommunal nærings- og samfunnsplan Region Nordhordland, 2016-2025".

Modalen vil stø opp om skisserte tiltak og mål ved å gjennomføre tiltak i eigen kommune og ved interkommunal samhandling gjennom Nordhordland Utviklingssselskap IKS og Nordhordland Regionråd.

014/2016: Temaplan for idrett og friluftsliv Modalen kommune

Behandling:

Inge Kårevik orienterte om saka

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune starter opp arbeidet med å utarbeide ein temaplan for fysisk aktivitet, folkehelse og friluft jf. §10-12 i plan og bygningslova. Som politisk representant blir Tom Kristian Thorsen valt til å vere med i planarbeidet. Formannskapet vil vera styringsgruppe for planarbeidet.
